



Vedlegg 1:

## **Uttale - forslag til Telemarksplanen - Regional planstrategi for Telemark 2024-2028.**

Vi viser til oversending frå Telemarks fylkeskommune, datert 14.06.2024.

### **Saka gjeld**

Saka gjeld Telemarksplanen - Regional planstrategi for Telemark 2024-2028 Telemark, forslag til regional planstrategi for Telemark fylkeskommune.

Telemark fylkeskommune har sendt forslaget ut på høyring og offentlig ettersyn.

### **Uttale frå Tokke kommune**

#### Generelt

Tokke kommune set stor pris på høvet til å gi innspel til fylkeskommunen sin planstrategi.

Tokke kommune ser dei overordna satsingane og måla i forslaget som svært relevante for dei utfordringane vi står ovanfor i kvardagen. Vi stiller oss derfor bak dei overordna måla og intensjonen i planstrategiane.

Som ein liten kommune møter Tokke både kompetanse -og kapasitetsutfordringar når det kjem til å nå dei nasjonale måla for utvikling og berekraft. Difor er det svært positivt at fylkeskommunen tek ansvar for å leie og støtte kommunane i dette arbeidet.

Vidare er det gledeleg at fylkeskommunen har som mål å forenkle plan- og strategisystemet. Ein slik forenkling vil vere til hjelp for kommunane, då det vil gjere det enklare å navigere i overordna planar og strategiar. Dette vil gjere det lettare for kommunane å nå overordna målsettingar.

Tokke kommune ønskjer å framheve betydninga av at lokal kunnskap og lokale perspektiv blir tatt i vare i utviklinga av fylkeskommunens planar og strategiar. For at planane og strategiane skal vere relevante og effektive, må dei reflektere dei spesifikke behova og ønskjer som finst i dei ulike kommunane. Tokke kommune har unik lokal kunnskap om våre ressursar, utfordringar og moglegheiter, som er avgjerande for å utforme tiltak som faktisk gir meining og verknad.

#### Høvet mellom forslag til regional planstrategi og Tokke kommune sitt forslag til kommunal planstrategi:

Vi ser at forslag til regional planstrategi og vårt forslag til kommunal planstrategi er foreinlege, og bygger opp under kvarandre. I forslag til kommunal planstrategi har Tokke kommune definert desse satsingsområda:

- Knutepunktsutvikling
- Gode rammer for næringslivet
- Målpunktsutvikling
- Digitaliserte tenester

- Mobilitet
- Befolkningsvekst

Planar og strategiar som er ekstra aktuelle for Tokke kommune:

- **Helsefremmende opplæring. Strategiplan for vidaregåande opplæring i Vestfold og Telemark 2021–2025:** Denne planen er viktig for oss, då den vidaregåande skulen i Tokke spelar ei viktig rolle i utdanninga og oppveksten til ungdomane våre. Gjennom å fokusere på helse og trivsel i skulen, kan vi bidra til å redusere fråfall, betre læringsresultat og gje ungdomane våre ein betre start på livet.
- **Regional kompetansestrategi Vestfold og Telemark 2021–2028:** Denne planen er viktig for Tokke, då kommunen dei seiste åra har opplevd auka tilflytting av grupper som treng ekstra fokus på inkludering. Planen kan hjelpe Tokke kommune får tilgang til nødvendig kompetanse. Vi ønskjer å vere med i prosessen for å sørge for at planane møter våre lokale behov.

Det er også svært viktig for Tokke og lokalsamfunnet at Vest-Telemark vidaregåande skule blir verande på Dalen. Tilgang på riktig kompetanse er avgjerande for utviklinga og framtida vår.

- **Regional strategi for attraksjonsutvikling:** Attraksjonsutvikling er viktig for å tiltrekke nye innbyggjarar og investorar. Tokke kommune har allereie eit auka fokus på dette, og har definert det som satsingsområde i eigen planstrategi. Vi støttar strategien og ønskjer å bidra med våre lokale perspektiv.
- **Regional plan for samordna areal- og transport i Telemark 2015–2025 (ATP Telemark):** Tokke kommune har mykje veg med stort behov for vedlikehald og oppgradering, og areal- og transportplanlegging er sentralt for vår lokale infrastruktur og viktig for oss. Vi ønskjer å bidra til at planen også blir tilpassar våre behov.
- **Regionalt næringsprogram for landbruket i Vestfold og Telemark 2019–2022:** Landbruket er viktig for vår økonomi og busetting, og denne planen er avgjerande for å støtte næringa. Vi set pris på å bli involvert i utviklinga av dette programmet.
- **Regional plan for klima, energi og grøn omstilling:** Som viktig kraftkommune er denne planen sentral, og kommunen sit på mykje kompetanse. Vi ønskjer å bidra til implementeringa på lokalt nivå.
- **Strategi for naturmangfald:** Tokke kommune innehar eit særstort mangfald av natur, med rikt dyre- og planteliv. Spesielt vil me trekke fram storauren, villreinen og mangfaldet av insekt. Vi er positive til strategien og ønskjer å bidra til at den kan bli eit nyttig styringsdokument på lokalt nivå.
- **Regional plan for vannforvaltning i Vestfold og Telemark 2022–2027:** Tokke kommune er del av Tokke-Vinje-vassdraget. Vasskraft er bergejelken i vårt samfunn. Gode rammevilkår med fokus på utvikling og utbetring er særst viktig for oss. Berekraftig forvaltning av våre vassressursar er avgjerande for både miljøet, næringslivet og lokalsamfunnet. Gjennom å verne og forvalte vassressursane våre på ein god måte, kan vi sikre langvarig verdiskaping og miljøvern. Det er viktig for Tokke å bli involvert i arbeide med planen.

- **Regional plan for Setesdal, Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei 2012:** Tokke kommune har ein villreinstamme som er ein viktig premiss i utviklinga og arealforvaltninga i våre utmarksområde. Lokal kompetanse er essensiell i arbeidet med planen for å sikre at den blir tilpassa dei spesifikke behova for utvikling og vern som finst her i Tokke. Det er viktig for Tokke kommune at denne kompetansen blir involvert i arbeidet med planen.

### Deltaking og samarbeid

Tokke kommune er positive til fylkeskommunen sitt initiativ til å etablere og vidareføre samarbeidsfora for kompetanseheving og -utveksling. Dette vil vere ei verdifull ressurs for mindre kommunar som oss. Foruma kan også styrkje vårt samarbeid og utvikle vår lokale kapasitet, og vi ønskjer å vere med i desse samarbeidsfora. Kommunen har likevel avgrensa kapasitet til å vere svært aktive, men vil prioritere oppmøte ved invitasjon.

Følgjande forum ser vi som ekstra relevante for oss:

- Møteplass Telemark
- Samarbeidsrådet for folkehelse
- Kompetansenettverket
- Samhandlingsarena for grøn industri
- Samferdselsnettverket
- Klima- og energinettverket i Vestfold og Telemark

Tokke kommune ynskjer eit konstruktivt samarbeid med fylkeskommunen for å nå felles mål for framtida, og for å bidra til at planar og strategiar blir nyttige styringsdokument.

Vi takkar for høvet til å gi innspel og håpar at våre tilbakemeldingar vil bli tekne i betraktning.



## Saksframlegg

Arkivreferanse: 2024/1024-2

Sakshandsamar: Jenny Fetveit

### Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	11.09.2024	64/24
Kommunestyre	17.09.2024	55/24

## Uttale - forslag til Telemarksplanen - Regional planstrategi for Telemark 2024-2028

Saksframlegg godkjent 26.08.2024.

Finn Arne Askje  
kommunedirektør

Knut Erik Paulsen  
kommunalsjef plan, næring og kultur

### Vedlegg

- 1 Uttale - forslag til Telemarksplanen - Regional planstrategi for Telemark 2024-2028
- 2 Kort samandrag av Telemarksplanen
- 3 Telemarksplanen. Regional planstrategi 2024-2028.PDF

### Bakgrunn for saka

Saka gjeld Telemarksplanen - Regional planstrategi for Telemark 2024-2028 Telemark, forslag til regional planstrategi for Telemark fylkeskommune. Telemarksplanen er Telemark fylkeskommune sin planstrategi.

Fylkestinget vedtok 13.06.2024 å sende forslag til Telemarksplanen -regional planstrategi på høyring og offentlig ettersyn. Frist for uttale 20.09.2024.

Ho skal bidra til berekraftig utvikling og involverer kommunar, fylkeskommune, staten, næringslivet, frivillige og andre aktørar.

Telemarksplanen følgjer Noregs forplikingar frå Parisavtalen om å bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050 og redusere utsleppa med 60 % innan 2030. Den er også i tråd med FNs berekraftsmål og Montrealavtala for å verne naturen.

Kvar fjerde år gir regjeringa nasjonale forventningar for lokal og regional planlegging. For 2023–2027 omfattar desse forventningane samordning, sosial, økonomisk og miljømessig berekraft, samt samfunnstryggleik.

Planen fokuserer på:

- Sosial berekraft (inkludering og deltaking)
- Økonomisk berekraft (tryggleik for folk og samfunn)
- Miljømessig berekraft (bevaring av jordas ressursar)

Dette er gjengjeve i tre hovudsatsingar med tilhøyrande målsetjingar:

- Inkluderande Telemark – Sosial berekraft:
  - Alle skal gjennomføre vidaregåande opplæring på sitt nivå. Telemark skal møte framtidens kompetansebehov
  - Redusere sosial forskjell i helse
  - Skape kompakte og levande byar og bygder med høg kvalitet
- Skapande Telemark – økonomisk berekraft:
  - Produsere meir fornybar energi og auka nettkapasiteten
  - Gjere fylket meir attraktivt for bedrifter, besøkjande og som bustad
  - Prioritere vedlikehald og fornying av dagens fylkesveggar
- Naturrike Telemark – miljømessig berekraft:
  - Bevare natur-, jordbruks og kulturverdiar
  - Gjennomføre ei raskare omstilling til eit lågutsleppssamfunn
  - Satse på grøn verdiskaping og sirkulær økonomi

Fylkestinget vil forenkle plansystemet ved å redusere talet på planar og sikre betre samanheng med handlings- og økonomiplanen. Telemarksplanen set måla, som skal følgast opp med strategiar og handlingsprogram. Årlege vedtak i handlings- og økonomiplanen avgjer prioriteringane.

### **Saksutgreiing**

Forslag til regional planstrategi for perioden 2024-2028 og Tokke kommune sitt forslag til kommunal planstrategi 2024-2027 er godt foreinlege, og bygger opp under kvarandre.

Tematikken planstrategien løfter og dei overordna satsingane og måla i forslaget, er svært relevante for dei utfordringane Tokke kommune står ovanfor i kvardagen. Planstrategien legg også opp til å forenkle plansystemet, og å styrke arena for samhandling i fylket. Forslaga til dette er positivt for Tokke.

Endingane i plansystemet omfattar at nokre planar blir slått saman. Planer som er størst direkte betydning for Tokke kommuner:

Helsefremmende opplæring. Strategiplan for vidaregåande opplæring i Vestfold og Telemark 2021–2025. Planen rullerast:

Eksisterende planer som innarbeidast i denne planen:

- Kompetanseplan for videregående opplæring i Vestfold og Telemark 2021–2025
- Unge verdiskapere. Strategi for entreprenørskap i videregående opplæring og fagskolen i Vestfold og Telemark 2021–2025

Regional kompetansestrategi Vestfold og Telemark 2021–2028. Planen rullerast:

Strategien skal oppdaterast med eit handlingsprogram for å bli meir praktisk. Planen for kvalifisering av innvandrarar skal også inkluderast. Det er eit nasjonalt krav at kvart fylke har ein slik strategi. Arbeidet startar våren 2025.

Regional strategi for attraksjonutvikling. Ny plan:

Eksisterende planer som innarbeidast i denne planen:

- Vestfold og Telemark – der mennesker møtes. Kulturstrategi 2021–2024
- Regional strategi for reiseliv og opplevelser 2022–2030.

Regional plan for samordna areal- og transport i Telemark 2015–2025 (ATP Telemark). Planen rullerast:

Eksisterende planer som innarbeidast i denne planen:

- Regional strategi for båt og ferje
- Sykkelstrategi for Vestfold og Telemark
- Strategi for fylkesvegnettet 2022–2031
- Regional strategi for kollektivtransport utenfor bykjernen 2023–2030
- Regional plan for trafikksikkerhet 2023–2026

Regionalt næringsprogram for landbruket i Vestfold og Telemark 2019 –2022. Planen rullerast:

Planen rullerast som den ligg føre.

Regional plan for klima, energi og grøn omstilling. Ny plan:

Eksisterende planer som innarbeidast i denne planen:

- Regional klimaplan for Telemark 2019–2026
- Regional strategi for forskning, innovasjon og næring 2022–2030
- Strategi 2017–2019 geologisamarbeidet Buskerud, Telemark og Vestfold fylkeskommuner

Strategi for naturmangfald. Ny plan:

Strategien skal innehalde tiltak som fylkeskommunen sjølv skal gjennomføre, som å bevare naturmangfald på eigne eigedomar og langs fylkesvegane. Arbeidet med strategien startar våren 2025, etter at ny stortingsmelding om naturmangfald er klar.

Regional plan for vannforvaltning i Vestfold og Telemark 2022–2027. Planen rullerast:

Planen rullerast som den ligg føre.

Regional plan for Setesdal, Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei 2012. Planen rullerast:

Planen rullerast som den ligg føre.

### Deltaking og samarbeid

Fylkeskommunen tek initiativ til å etablere, vidareføre og leie fleire samarbeidsforum for kompetanseheving og -utveksling. Fora skal styrkje samarbeid og bidra til utvikling, og på denne måten leggje til rette for å møte felles utfordringar og nå felles mål. Dette vil vere ei verdifull ressurs for Tokke kommune.

Følgjande fora ser vi som ekstra relevante for oss:

- Møteplass Telemark
- Samarbeidsrådet for folkehelse
- Kompetansenettverket
- Samhandlingsarena for grøn industri
- Samferdselsnettverket
- Klima- og energinettverket i Vestfold og Telemark

### **Konklusjon**

Tokke kommune ynskjer eit konstruktivt samarbeid med fylkeskommunen for å nå felles mål for framtida, og for å bidra til at planar og strategiar blir nyttige styringsdokument.

Tokke kommune ser dei overordna satsingane og måla i forslaget som svært relevante for dei utfordringane vi står ovanfor i kvardagen. Vi stiller oss derfor bak dei overordna måla og intensjonen i planstrategiane.

Forenkling og samanslåing av planer vil gjere det enklare å navigere i overordna planar og strategiar og gjere det lettare å nå overordna målsettingar.

Initiativ til å etablere, vidareføre og leie samarbeidsforum er positivt, og vil vere ei verdifull ressurs for Tokke kommune.

### **Kommunedirektørens tilråding**

I medhald av Pbl. § 10 – 1 sender Tokke kommune «Uttale - forslag til Telemarksplanen - Regional planstrategi for Telemark 2024-2028». Uttale er vedlegg 1 i saka.



## **Formannskap si handsaming av sak 64/2024 i møtet den 11.09.2024**

### **Røysting**

Framlegget vart samrøystes tilrådd vedteke

### **Vedtak**

I medhald av Pbl. § 10 – 1 sender Tokke kommune «Uttale - forslag til Telemarksplanen - Regional planstrategi for Telemark 2024-2028». Uttale er vedlegg 1 i saka.

---

## **Kommunestyre si handsaming av sak 55/2024 i møtet den 17.09.2024**

### **Røysting**

#### **Tilleggsframlegg frå Sp, MDG og KrF:**

**Tilleggsframlegg 1:** Dei fine illustrasjonane som er nytta i utkast til Telemarksplan bør vise til kor i Telemark bileta er teke.

#### **Tilleggsframlegg 2 om skog:**

Telemarksplanen bør ha kapittel om stell og utnytting av skogressursane i Telemark. Telemark er eit skogfylke med om lag 530.000 hektar skog og ein tilvekst på om lag 2 mill. m<sup>3</sup>. Den årleg tilveksten har ein verdi på om lag 500 mill. kr om den vert nytta. Sirkulasjonsverdien kan ein multiplisere med 2. Skogen bind 1,5 t CO<sup>2</sup> for kvar m<sup>3</sup> den veks. Skogen bind 40 % av den CO<sup>2</sup> Norge slepper ut. Dårleg skogskjøtsel gjev mindre binding av CO<sup>2</sup>. Den har gått kraftig ned siste 10-åra grunna dårleg kjøtsel av skogen. Vi ser rotnande verdier i skogen vår gjennom billeangrep på skogen. Brutto tømmerpris ferskt virke er no kr 723 pr. m<sup>2</sup>. Energivirke kr 495 pr m<sup>3</sup>. Det er eit tap på kr 228 pr. m<sup>3</sup>

- Kva vi tenkjer om utnytting dei 2 mill. m<sup>3</sup> skogen veks kvart år?
- Kva tenkjer vi om skogen som råstoff for framtidig industrisatsing -vi hadde ein gong Union i Skien. Nå har vi Vafoss og nokre sagbruk. Resten sender vi ut av fylket og landet.
- Det er ved overgang frå stål, betong og glass til tre at vi gjer kvantesprang i reduksjon av utslipp av CO<sup>2</sup>.

#### **Tilleggsframlegg 3 er den samrøystes konklusjonen i uttala frå Vest-Telemarkrådet:**

- 1) Satsingsområde Inkluderande Telemark:

Målsetting:

**Alle skal gjennomføre vidaregåande opplæring på sitt nivå. Telemark skal møte framtidens kompetansebehov.**

Merknad:

- Målet om vidaregåande opplæring til alle er godt og viktig, men Telemarksplanen må ta høgde for at dette *ikkje* stigmatiserer sårbare grupper som ikkje maktar å gjennomføre eit slikt opplæringsløp.
- Ingen skal oppleve vedvarande utanforskap.

1. 2) Satsingsområdet Skapande Telemark:

Målsetting:

**Produsere meir fornybar energi og auke nettkapasiteten.**

Merknad:

I Vest-Telemark er det i fleire kommunar bygd ut over 95 % av den vasskrafta som *kan* byggjast ut. Det er viktig at det er litt vassdragsnatur igjen. Utbygging av alle former for fornybar energi må ta omsyn til at vi står i ein målkonflikt mellom klimaavtala og arealavtala.

Kortreist kraft inneber at det er kort avstand mellom kraftproduksjon og forbruk. Dette var i si tid grunnlaget for etablering av industristader som Notodden og Rjukan/Tinn.

Fordelar med kortreist kraft:

- Mindre naturinngrep fordi vi treng å byggje/oppgradere færre kraftlinjer.
- Lågare kostnader for forbrukarar og næringsliv: Investeringar i kraftnettet blir i all hovudsak betalt av innbyggjarar og næringsliv - ikkje av kraftprodusentane.
- Mindre nett-tap: Ved overføringa av straum oppstår eit straumtap. Tapet blir større jo lenger avstanden er. Det er moglegvis i snitt 6-7 % straumtap på landsbasis. Kanskje går om lag 10 TWh tapt gjennom overføringar i nettet. Vår totalproduksjon i Noreg er på om lag 150 TWh.
- Meir lokal verdiskaping: Område som produserer kraft vil kunne gå frå råvareproduksjon av kWh til auka verdiskaping ved at krafta blir foredla lokalt. Det gjev arbeidsplassar.

Telemark fylkeskommune bør av omsyn til miljø og effektiv energibruk legge til rette for at kraftintensive verksemdar kan etablere seg nær kraftproduksjon.

Kort oppsummert: Industri bør etablerast der krafta vert produsert. Dette vil spare klima for utslepp, redusere nett-tapet og utbygging av infrastruktur betrakteleg, og utnytte lokale ressursar på ein berekraftig måte.

Målsetting:

**Prioritere vedlikehald og fornying av dagens fylkesvegar.**

Merknad:

Det store etterslepet på fylkesvegar i Telemark - ikkje minst i Vest-Telemark - er ei stor utfordring for næringsliv, busetting og besøksnæringa. Saman med E134, rv. 41 og rv. 36 er dei fylkeskommunale vegane grunnlaget for levande lokalsamfunn i alle delar av Vest-Telemark. I Vest-Telemark er det i praksis ingen alternative transportformer.

Det er avgjerande at vedlikehald av fylkesvegnettet vert prioritert i fylkeskommunen sine budsjett, og at det blir jobba målretta mot NTP for å auke ramma til fylkesvegar. Godt vedlikehaldne vegar gir mange samfunnsmessige fordelar som t.d. betre trafikktryggleik og lågare utslepp.

Vi vil peike på den vellukka strategien/metoden som er brukt på E134 og rv. 41 dei seinare åra, der løpande vedlikehald og investeringsmidlar blir brukt saman for å oppnå nødvendig standardheving på dei statlege vegane i regionen. Mange fylkesvegstrekingar i Vest-Telemark har det same behovet for oppgradering og fornying.

***Grensesnittet og samordning mellom regional plan for klima, energi og grøn omstilling, Regional plan for samordna areal og transport i Grenland og Regional plan for samordna areal og transport i Telemark. Det gjeld spesielt kva for arealtema bør bli behandla i kva for planar og korleis desse kan samordnast på tvers av planane.***

Samordning mellom dei tre regionale planane er avgjerande for å oppnå ei heilskapleg og berekraftig utvikling i Telemark. Det vil vera naudsynt med kontinuerleg dialog og justeringar mellom dei ulike planane for å sikre at dei blir verande relevante og i takt med dei utfordringane fylket står overfor.

Tilleggsframlegg frå Sp, MDG og KrF vart samrøystes vedteke

### **Framlegg frå Ap, SV og H:**

Legge til eit punkt under kategorien «Regional kompetansestrategi for Vestfold og Telemark 2021-2028: «Sikre eit godt boligtilbud, eventuelt ein internatløysing, for elevar ved Vest-Telemark Vidaregåande skule».

Framlegg frå Ap, SV og H vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

I medhald av Pbl. § 10 – 1 sender Tokke kommune «Uttale - forslag til Telemarksplanen -Regional planstrategi for Telemark 2024-2028». Uttale er vedlegg 1 i saka.

1. Dei fine illustrasjonane som er nytta i utkast til Telemarksplan bør vise til kor i Telemark bileta er teke.

2. Telemarksplanen bør ha kapittel om stell og utnytting av skogressursane i Telemark.

Telemark er eit skogfylke med om lag 530.000 hektar skog og ein tilvekst på om lag 2 mill. m<sup>3</sup>. Den årleg tilveksten har ein verdi på om lag 500 mill. kr om den vert nytta. Sirkulasjonsverdien kan ein multiplisere med 2. Skogen bind 1,5 t CO<sup>2</sup> for kvar m<sup>3</sup> den veks. Skogen bind 40 % av den CO<sup>2</sup> Norge slemper ut. Dårlig skogskjøtsel gjev mindre binding av CO<sup>2</sup>. Den har gått kraftig ned siste 10-åra grunna dårlig kjøtsel av skogen. Vi ser rotnande verdiar i skogen vår gjennom billeangrep på skogen. Brutto tømmerpris ferskt virke er no kr 723 pr. m<sup>2</sup>. Energivirke kr 495 pr m<sup>3</sup>. Det er eit tap på kr 228 pr. m<sup>3</sup>

· Kva vi tenkjer om utnytting dei 2 mill. m<sup>3</sup> skogen veks kvart år?

· Kva tenkjer vi om skogen som råstoff for framtidig industrisatsing -vi hadde ein gong Union i Skien. Nå har vi Vafoss og nokre sagbruk. Resten sender vi ut av fylket og landet.

· Det er ved overgang frå stål, betong og glass til tre at vi gjer kvantesprang i reduksjon av utslipp av CO<sup>2</sup>.

3. Samrøystes konklusjonen i uttala frå Vest-Telemarkrådet:

1. 1) Satsingsområde Inkluderande Telemark:

Målsetting:

***Alle skal gjennomføre vidaregåande opplæring på sitt nivå. Telemark skal møte framtidens kompetansebehov.***

Merknad:

- Målet om vidaregåande opplæring til alle er godt og viktig, men Telemarksplanen må ta høgde for at dette *ikkje* stigmatiserer sårbare grupper som ikkje maktar å gjennomføre eit slikt opplæringsløp.
- Ingen skal oppleve vedvarande utanforskap.

1. 2) Satsingsområdet Skapande Telemark:

Målsetting:

***Produsere meir fornybar energi og auke nettkapasiteten.***

Merknad:

I Vest-Telemark er det i fleire kommunar bygd ut over 95 % av den vasskrafta som *kan* byggjast ut. Det er viktig at det er litt vassdragsnatur igjen. Utbygging av alle former for fornybar energi må ta omsyn til at vi står i ein målkonflikt mellom klimaavtala og arealavtala.

Kortreist kraft inneber at det er kort avstand mellom kraftproduksjon og forbruk. Dette var i si tid grunnlaget for etablering av industistader som Notodden og Rjukan/Tinn.

Fordelar med kortreist kraft:

- Mindre naturinngrep fordi vi treng å byggje/oppgradere færre kraftlinjer.
- Lågare kostnader for forbrukarar og næringsliv: Investeringar i kraftnettet blir i all hovudsak betalt av innbyggjarar og næringsliv - ikkje av kraftprodusentane.
- Mindre nett-tap: Ved overføringa av straum oppstår eit straumtap. Tapet blir større jo lenger avstanden er. Det er moglegvis i snitt 6-7 % straumtap på landsbasis. Kanskje går om lag 10 TWh tapt gjennom overføringar i nettet. Vår totalproduksjon i Noreg er på om lag 150 TWh.
- Meir lokal verdiskaping: Område som produserer kraft vil kunne gå frå råvareproduksjon av kWh til auka verdiskaping ved at krafta blir foredla lokalt. Det gjev arbeidsplassar.

Telemark fylkeskommune bør av omsyn til miljø og effektiv energibruk legge til rette for at kraftintensive verksemdar kan etablere seg nær kraftproduksjon.

Kort oppsummert: Industri bør etablerast der krafta vert produsert. Dette vil spare klima for utslepp, redusere nett-tapet og utbygging av infrastruktur betrakteleg, og utnytte lokale ressursar på ein berekraftig måte.

Målsetting:

***Prioritere vedlikehald og fornying av dagens fylkesvegar.***

Merknad:

Det store etterslepet på fylkesvegar i Telemark - ikkje minst i Vest-Telemark - er ei stor utfordring for næringsliv, busetting og besøksnæringa. Saman med E134, rv. 41 og rv. 36 er dei fylkeskommunale vegane grunnlaget for levande lokalsamfunn i alle delar av Vest-Telemark. I Vest-Telemark er det i praksis ingen alternative transportformer.

Det er avgjerande at vedlikehald av fylkesvegnettet vert prioritert i fylkeskommunen sine budsjett, og at det blir jobba målretta mot NTP for å auke ramma til fylkesvegar. Godt vedlikehaldne vegar gir mange samfunnsmessige fordelar som t.d. betre trafikktryggleik og lågare utslepp.

Vi vil peike på den vellukka strategien/metoden som er brukt på E134 og rv. 41 dei seinare åra, der løpande vedlikehald og investeringsmidlar blir brukt saman for å oppnå nødvendig standardheving på dei statlege vegane i regionen. Mange fylkesvegstrekningar i Vest-Telemark har det same behovet for oppgradering og fornying.

***Grensesnittet og samordning mellom regional plan for klima, energi og grøn omstilling, Regional plan for samordna areal og transport i Grenland og Regional plan for samordna areal og transport i Telemark. Det gjeld spesielt***

***kva for arealtema bør bli behandla i kva for planar og korleis desse kan samordnast på tvers av planane.***

Samordning mellom dei tre regionale planane er avgjerande for å oppnå ei heilskapleg og berekraftig utvikling i Telemark. Det vil vera naudsynt med kontinuerleg dialog og justeringar mellom dei ulike planane for å sikre at dei blir verande relevante og i takt med dei utfordringane fylket står overfor.

**4.** Legge til eit punkt under kategorien «Regional kompetansestrategi for Vestfold og Telemark 2021-2028: «Sikre eit godt boligtilbud, eventuelt ein internatløysing, for elevar ved Vest-Telemark Vidaregåande skule».

---

---